

Britt Elin Hjelleset  
Kvernevikstemma 14  
5114 TERTNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13040 - 20/68701

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:  
29.10.2020

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 417/57 Rossnes**

Tiltak: legalisering naust  
Byggjestad: Gbnr: 417/57  
Tiltakshavar: Britt Elin Hjelleset  
Ansvarleg søker:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.09.2020.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Kommunen er kjent med at saka har ein lengre historikk over fleire år. Det er likevel naudsynt ved innsending av ny søknad at alle relevante dokumenter fylgjer med. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Plan-, snitt- og fasadeteikningar som er målsatt. Det kan med fordel legges inn avvik mellom det som var opprinnelig godkjent og det som i ettertid er bygget.
2. Målsatt situasjonskart som syner avstand til nabogrense, plassering av bygget, parkeringsplass m.m. Det kan med fordel legges inn avvik mellom det som var opprinnelig godkjent og det som i ettertid er bygget.
3. Det er søkt om dispensasjon frå kommunedelplanen punkt 3.1.9 a) og 4.5.1. Desse punkta stemmer ikkje overeins med gjeldande kommunedelplan. Vi minner om at i gjeldande kommunedelplan er eigedommen avsett til fritidsbustad.
4. Søknad om dispensasjon må nabovarslast til relevante naboar jf. plan- og bygningslova § 21-3.
5. Bygget er oppført i strandsona og etter det kommunen forstår ut i sjø. Det er naudsynt med dokumentasjon på at tiltaket oppfyller kravet i plan- og bygningslova § 28-1. Aktuelle problemstillinger er blant anna stormflo og krava i teknisk forskrift kapittel 7.

- Eigedommen har tilkomst via privat veg og fylkesveg. Løyve til utvida bruk frå fylkeskommunal veg må fylgja med søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **14.01.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og bygesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

#### **Vedlegg:**

Informasjon til tiltakshavar og søker om dispensasjon

#### **Mottakarar:**

Britt Elin Hjelleset

Kvernevikstemma 14

5114 TERTNES